

Nynorskprisen for journalistar - årsrapport for 2006.

Journalist Linda Eide i NRK fekk den fyrste nynorskprisen for journalistar frå Kultur- og kyrkjedepartementet. Prisen vart delt ut 22. juni, under Dei Nynorske Festspela i Ørsta. Prisen var på 50.000 kroner og eit kunstverk av Oddvar Torsheim.



- Prisvinnaren er mest ein eigen sjanger i norske media. Ho er aktiv i både radio, fjernsyn, aviser og bøker, som journalist, kåsør og forfattar. Ho er tydeleg stolt av nynorsken sin og har vore ein forkjempar for bruk av nynorsk i media. Det er ein fryd å høyre på hennar leik med ord og vendingar, sa leiaren for juryen, Gry Molvær, då ho delte ut prisen.

- Prisen kom overraskande på meg, og eg vart veldig glad. Det er kjemestas ! sa Linda Eide til avisa Dagen etter å ha fått prisen.

- Kamp eller tilpassing?

var emnet for debatten om nynorsk i media som var råma kring utdelinga av den fyrste nynorskprisen for journalistar.

Frammøte var prega av at det var tidleg på dag og frukostservering i Tunet samstundes. Om lag 30 menneske i salen, men dei som kom var både engasjerte og interesserte.

Tilskipinga vart opna med at saxofonisten Karl Seglem spelte valsen "Nye sva" og festspeldiktar og juryemedlem Olaug Nilssen las diktet "Levereglar". Etter debatten kåserte Linda Eide om "Nynorskens martyrar" og leiar for juryen Gry Molvær overrekte prisen.

Deltakarar i debatten var frå venstre journalist Ingvill Tandstad og distriktsredaktør Per Arne Kalbakk i NRK Østlandssendinga, journalist i NRK Troms og Finnmark og leiar i Mediemållaget, Inger Johanne Sæterbakk og kulturedaktør Jan Nyberg i Bergens Tidende. Magni Øvrebotten var ordstyrar.



- Eg vart sjokkert og forbausa over kor sterke reaksjonar det vart då eg byrja lese nyhenda i Østlandssendinga på nynorsk hausten 2005. Eg opplevde det nesten som eit hat, og det berre fordi eg var meg sjølv ! For meg handlar det å bruke nynorsk om å halde på identiteten min, sa journalist Ingvill Tandstad.

Redaktøren i NRK Østlandssendinga, Per Arne Kalbakk, vart minst like sjokkert over styrken i reaksjonane frå einskilde lyttargrupper, særleg dei eldre. – *Hadde utfalla mot Ingvill Tandstad blitt brukt mot homofile og utlendingar, hadde utsegnene blitt ramma av straffelova, sa Kalbakk.*

Han var storleg overraska over at ein nynorskbrukar kunne bli utsett for slik sjikane i dag, særleg når ein veit at Østlandssendinga har vore ein pioner med å sleppe til framandkulturelle stemmer utan at det har skapt tilsvarande brudulje.

Journalist Inger Johanne Sæterbakk har opplevd det same i NRK i Finnmark. – *Eg vart utsett for reine hatkampanjen. Den personlege hetsen frå middelaldrande menn vart hovudoppslag i lokalavisene. Eg gjekk ikkje på butikken på tre dagar, sa Sæterbakk om den tøffaste tida. Det var særleg ille for kritikarane at ho som nordlending brukte nynorsk.*

Men etter oppslaga i avisene snudde stemninga: – *No får eg mange telefonar, brev og sms'ar der lyttarane rosar språket mitt og støttar meg. Eg trur språket og dialektbruken min har fått mange finnmarkingar til å reflektere meir over språket sitt og bli stoltare av sine eigne dialektar, sa Sæterbakk.*

Kulturedaktør Jan Nyberg i Bergens Tidende har ikkje noko kampforhold til nynorsken. Nordfjordingen skriv sjølv mest bokmål, fordi han tykkjer han formidlar stoffet sitt best i den målforma. – *Journalistar må uttrykke seg på det språket dei er best i. Det er uinteressant kva språk dei skriv, berre det er godt. Det vil vere gale å tvinge ein journalist inn i ei språkdrakt som gjer at produktet blir dårleg. Kunsten å formidle er det einaste viktige, sa Nyberg.*

Arbeidet i juryen



Forfatteren Olaug Nilsen, Bergen, sjefredaktør Tom Hetland i Stavanger Aftenblad, Bryne og NRK-journalist Gry Molvær, Trondheim (leiar) er oppnemnde som jury for fire år. Magni Øvrebotten er sekretær for juryen.

Arbeidet vart for det meste gjort via e-post. Juryen hadde eit møte der det vart avgjort kven som skulle få prisen. Møte var i Førde 19.mai. Bortsett frå Hetland var juryen til stades under utdelinga i Ørsta.

Fristen for å kome med forslag til kandidatar var 1.mai. Det kom inn 32 forslag på 25 namn. Det var fleire gode kandidatar og etter nokre timars arbeid samla juryen seg om Linda Eide, som var eitt av dei innkomne forslaga.

Kunst av Oddvar Torsheim

Vi hadde tenkt å få laga eit fast kunstverk til denne prisen, men det lukkast ikkje. Kunstnaren som fekk oppdraget vart sjuk. Dermed kjem kunstverket som skal fylgje prisen til å variere frå år til.

Sidan vi visste at prisvinnar Linda Eide er ein ihuga syklist var litografien "Skakkøyrd blåveissyklist", av kunstnaren Oddvar Torsheim, godt eigna som kunstverk til Linda Eide.

I tillegg fekk vi laga eit lite diplom som vi råma inn til prisvinnaren. Det er utforma av Eva Hallaren i Gasta reklamebyrå og godkjent av departementet. Malen for diplomet blir brukt i utlysinga av prisen i 2007.

Samarbeidet med Festspela



Det var Dei Nynorske Festspela som gjorde avtale om honorar/reise/opphald med dei som skulle delta i debatten. Samarbeidet med dei var godt.

Vi må gjere endå meir for å skape blest kring prisutdelinga. Den vart nokså anonym i år. Litt omtale i NRK og nokre aviser og nettsider.

Vi hadde på førehand kontakta både lokale – og nasjonale medieverksemder, men interessa var ikkje stor. Det vert delt ut mange prisar, også nynorskprisar, og det er vanskeleg å skilje dei frå kvarandre.

Kvelden før vart Kari Traa "Årets nynorskbrukar", ein pris frå Dei Nynorske Festspela, og dagen etter fekk Linda Eide departementet sin pris. Konklusjonen er at det må vere trekkplaster i dei som deltek i tilskipinga rundt prisutdelinga og vi må prøve å treffe ein trekk i tida i val av fokus. Kan og tenkjast andre råmer enn debatt kring utdelinga. Men dei som var der i juni 2005 var godt nøgde både med debatten, musikken, lyrikken og kåseriet til prisvinnaren.

I år visste ikkje prisvinnaren om at ho fekk prisen. For seinare år vil det beste vere at prisvinnaren er klar over det slik at vi kan lage ferdig pressestoff om han/henne og sende ut same dagen. Det vil kanskje gje litt meir omtale av prisen. No vart det sendt ut ei pressemelding frå departementet og ei via NRK-systemet, men dei vart forholdsvis lite brukte.

Men det viktigaste er at prisen vert sett pris på hjå dei som får han og kjennest som ei påskjøning for det arbeidet dei har gjort for nynorsk i media, og ein inspirasjon til å halde fram med det. Kanskje kan han og vere med på å overtyde fleire om at det er verdt kampen å vere nynorskbrukar i media ?

Førde 07. 01. 07.
Magni Øvrebotten